



Kvite hestar – Myter og fakta

SERIE: *Del 1 – Kvite hestar, kva er det?*

N/L-HOPPA VÆRBYS RUSKA
FOTO: INGER GRØNNTUN

TEKST: INGER GRØNNTUN

Har du nokon gong sett ein hest med heilt lys pels, blå auge, rosa hud og lyse hovar? Kanskje det til og med var eit eksemplar av ein av dei norske rasane: fjordhest, døl, nordlands/lyngshest eller kaldblodstravar?

Før i tida vart denne «fargen» kalla *kvit*. Seinare trudde mange feilaktig at dette var albinos, og i våre dagar nyttas omgrep som dobbeltkrem, dobbeltgul, eller «double-dilute» (DD) for å beskrive desse dyra. «BEC» (blue-eyed cream) er eit anna uttrykk for fargen, som n/l-folk forresten humoristisk har omsett til BØH eller BØK (blåøyd hvit/blåøygd kvit).

Hestar med slik farge har gjennom tidene vore omspunne med mange myter og forteljingar. Heilt frå dei eldste tider har ein høyrdd om kvite hestar, og desse vart ofte tillagt overnaturlige evner, dei var heilage og spesielle. Seinare, i ny tid, har kvite hestar fått mange negative førestillingar knytt til seg, og det eksisterer fordommar mot dei som vert helde godt ved like av mange hestefolk den dag i dag. Eg vil prøve å ta dykk med på ei lita reise i historia og genetikken si verd, med det føremålet at litt fleire menneske skal bli bevisste på kva fenomenet «kvite hestar» *eigentlich* er.

Før hestane vart temde av menneske, er det rimeleg å tru at dei var *brunblakke*, altså den fargen som er mest vanleg hos fjordhesten i dag. Denne fargevarianten finst hos mange rasar over heile verda. Den opphavlege villhesten var sannsynlegvis ein god del mørkare enn dagens fjordhest, som er ekstremt lys.

Då hesten vart tam, og menneske kunne passe på den, samt drive utval, oppstod det raskt andre fargar. Gen for både svart, rød og ikkje-blakk kan bærast skjult, dermed kunne ein raskt avle fram rødblakke og gråblakke, røde, brune og svarte hestar. Slike skjulte anlegg fanst nok frå før av i villhestflokkane, men kom sjeldan til uttrykk der. I tamhestflokkane må ein rekne med at det vart ein del slektskapsavl, noko som auka sjansen for at dei skjulte (resesive) anlegga begynte å vise seg.

Etter kvart skjedde det også andre mutasjonar i dei gena som styrer fargar, og enda fleire variantar dukka opp. Mutasjonar (plutslege endringar i arveanlegg) skjer naturlegvis også i ville hesteflokkar, men for ein villhest er det oftast ei ulempe å ha ein annan farge enn artsfredane. Eit dyr som skil seg frå resten, vert ofte utstøytt, eller det vert eit lett bytte å plukke ut for rovdyra. Dei

einaste gongane mutasjonar blant ville dyr vert ført vidare, er viss dei gir dyret som ber på dei ein klar fordel, viss dei er utan nokon særskild betyding for dyret si overlevingsevne, eller viss dei berast skjult. I dei tamme hesteflokkane kunne hestar med avvikande fargar og teikningar leve og formeire seg. Til tider kunne dei til og med få fordelar, då menneske av ein eller annan grunn ofte har hatt ei ekstra omsorg for dyr som er «annleis» enn dei andre.

På eit eller anna tidspunkt i hesten si historie, skjedde det ein mutasjon på eit gen, som gjorde at raudt fargepigment vart bleika til *gult* hos hesten som bar det. Med dette genet vart røde hestar til *gule*, brune til *borka*, brunblakke til *ulsblakke*, og rødblakke til *gulblakke*. Gråblakke og svarte hestar har ikkje så mykje rødt pigment, så dei kunne ha genet utan at det syntes noko særleg. Det oppstod altså lyse hestar, som skilte seg ut frå sine artsfrendar. Nokon spekulerer i om denne mutasjonen kan ha skjedd i områder med mykje snø, der det kunne vere ein fordel å vere lys, men det får vi nok ikkje greie på med det fyrste (kanskje aldri?)

Mutasjonen, som vi ofte kallar «gulgenet» eller «kremgenet», verkar altså

inn på raudt fargepigment når hesten har det. Men kva viss han har genet i dobbel dose, altså frå begge foreldredyra? Jo, då verkar det mykje sterkare, og vi får nettopp det vi kallar «kvite» hestar: Lyshåra, blåøygde og lyshuda individ, som vakte oppsikt og gav opphav til myter og historier.

Det er viktig å vere klar over at det også finst andre hestar i verda med lys pelsfarge, men det er ikkje dei eg skal skrive om her. Avbleikbare skimler (det som kallast «blå» i dølahestverda) blir heilt lyse med åra, men vert fødd med ein vanleg grunnfarge, og har alltid mørk hud og brune auge (med mindre dei har andre gen som gjer noko anna). Det er også ein del gen for kvite avteikn, som i spesielle tilfelle og med stor utbreiing kan gi heilkvite hestar. Til slutt kan det nemnast at det også eksisterer gen som gir kvitfødde, brunaugde individ. Desse siste variantane er derimot ikkje utbreidd i mange rasar, og det er dermed grunn til å tru at dei har oppstått i relativt ny tid. Skimmelgenet og gul/kremgenet finst i veldig mange ulike verdsdelar og rasar, difor kan vi rekne med at dei er gamle.

I resten av denne teksten er det dei «dobbeltgule» eller «blåøygd kvite» hestane eg skriv om, når eg brukar omgrepet «kvit». Som nemnt har slike dyr lyst hårlag. Det er derimot ikkje heilkvitt, og ein ser stor skilnad på fargen viss slike hestar også har kvite avteikn. Fargen er altså heilt lys kremgul, og huden er ikkje mørk. Dei er ikkje albinos, då dei har pigment både i auge (som er raude på ein ekte albino, medan dei kvite hestane har lysblå auge), hovar, hud og hår. Ekte albinohestar er ikkje funne per dags dato, men dei fleste av oss har sett albinomus, albinokaninar, eller menneske med albinisme, og veit korleis dei ser ut. Dei hestane eg i denne artikkelen kallar kvite, kan faktisk med rette seiast å tilsvare nordeuropeiske menneske med blondt hår, blå auge og lys hud, verken meir eller mindre!

Gjennom historia har dei kvite hestane ofte hatt høg status i samfunnet. Ein kan lure på kvifor det ikkje vart mange fleire av dei, for «fargen» er lett å reinavle. To kvite hestar får berre kvitt

avkom. Kanskje gjorde nettopp fargen at desse dyra ikkje vart avla på i nokon stor grad? Vi veit nemleg at mange har sett på kvite hestar som heilage, og dei har blitt ofra til gudane. Å seie noko heilt sikkert er derimot relativt håplaut, og det er klart det kan ha vore flokkar eller stammer med berre kvite hestar for lenge, lenge sidan.

Innan arabarhesten finnast ikkje gulgenet/kremgenet i det heile. Arabaren er den eldste hesterasen vi veit om som har vore reinavla. Om gulgenet har vore i

rasen frå gammalt av (og så forsvunne), om det var i dei hestane rasen er grunnlagt på (men forsvann grunna styrt avl eller slektskapsavl), eller om det aldri har vore i hestedyr i den delen av verda der arabaren kjem frå, er vanskeleg å vite. Når det gjeld menneska, så veit vi at mørk hud er ein fordel i område med mykje sol, sidan lyshuda individ lettare blir solbrende. I område med lite sol er det derimot fordelar med lys hud, då den lettare tek opp D-vitamin. I svært mange



N/L-HINGSTEN TVERFJELDS RIM FOTO: AINA NORDSTRØM



FJORDINGSHOPPA FIA FOTO: CAMILLA AASHEIM



N/L-HINGSTEN BLOMSTERENG FRØYFAKSE
FOTO: HEGE SIRI

andre rasar enn arabaren finn vi gulgenet, og dette gjeld både varmblods-, kaldblods- og ponnirasar. Dei spanske hestane som reiste over havet til det amerikanske kontinentet, tok også med seg genet over dit.

Innan dei fire norske rasane er gul/kremgenet relativt vanleg, sjølv om det store fleirtalet av individa i rasane ikkje har det i dag. Borka og gule n/l-hestar, dølahestar og kaldblodstravarar har det, samt ulsblakke og gulblakke fjordingar. Til tider skjer det at to hestar med krem/gulgenet vert para, og då er sjansen 25% for å få eit kvitt føl. I dag finst det ein (etter mi meining litt underleg) regel i avlsplanene til fjordhesten, nordlands/lyngshesten og dølahesten, om at kvite hestar ikkje kan kårast eller premierast. I kaldblods-travaravlen er ikkje farge eit tema på same måte: der er alle variantar lovlege, berre dei kan springe.

Det er ikkje veldig mange år sidan kvite fjordhestar og dølahestar kunne premierast på lik linje med andre. I n/l-rasen vart dommarane sterkt i tvil om kva dei skulle gjere då det fyrste eksemplaret med kvit farge i nyare tid dukka opp på utstilling på 80-talet. Dei valde då å ikkje gi hesten nokon premie, og sette dermed ei form for standard som har helde seg sidan. N/l-hesten er i dag den norske rasen der det ser ut for å dukke opp flest kvite individ. Den største årsaka til dette er truleg at gulgenet etter kvart har blitt temmeleg utbreidd i rasen.

Det finst mange meiningar om kvite hestar ute blant folk. Nokon synest dei er svært vakre, medan andre slettes ikkje likar dei. Ein god del menneske trur at kvite hestar er svakelege og tåler lite. Dette er naturlegvis ein av dei godt planta mytene, utan spesielt store røter i verkelegheita. Eg skal komme tilbake til

seinare kva som kan vere grunnen til at slike vrangførestillinger kan ha oppstått.


I neste nummer av Arbeidshesten skal eg gå igjennom ein del av dei historiske mytene som har vore knytt til dei kvite hestane. Folk begynte å temje hestar for kring 9000 år sidan, og alt før den tid hadde dyret ein plass i religiøse handlingar og ritual. Fyrst og fremst var den eit ettertrakta jaktbytte, men etter at menneska gjorde den til ven og husdyr, fekk den ein heilt spesiell rolle i historia og utviklinga vår. For fyrste gong kunne folk bevege seg raskare enn dei greidde på sine eigne bein. Rytterfolk vaks fram, og den mannlege krigsguden på hesteryggen tok over plassen som leiar-skikkelse i dei religiøse førestillingane. Hesten vart symbol på styrke, fruktbarheit, liv og død, og dei magiske og mest myteomspunne hestane var svært ofte nettopp kvite.

(Framhald i neste nummer)



MÅLERI AV GERHARD MUNTHE FRÅ 1902

DEN KVITE DØLAHOPPA GULA 4225
FOTO: CHR. WRIEDT
FRÅ BOKA HINGSTELINJER
I ØSTLANDSHESTEN (1918)





Kvite hestar – Myter og fakta

SERIE: Del 2 – Mytologi og historie

TEKST: INGER GRØNNTUN

Då hesten vart temt, for kring 9000 år sida (nokre meiner det skjedde for rundt 6000 år sidan, og nøyaktig kor tid det skjedde er usikkert), i områda rundt det Kaspiske Hav og Svartehavet, kunne menneska for fyrste gong i historia bevege seg raskare over landjorda enn på sine egne bein. Frå før av var både sau, geit, gris, ku og hund alt blitt husdyr og fylgjesvener. Det fanst mengder av villhestar i området, og desse dyra hadde gode føresetnader for å bli tame.

Langt frå alle dyr eignar seg til å bli husdyr. Både matbehovet til dyret og veksthastigheit var faktorar menneska vurderte når dei tenkte over om eit dyr var verd å temje eller ikkje. Enno viktigare var det om det var mogleg å få dyra til å formeire seg i fangenskap, om dei hadde eit vennleg lynne og om dei lett fekk panikk. Den kanskje aller viktigaste einskildfaktoren, var korleis dyrearten sin sosiale struktur fungerte. Dyr som lever i flokk året rundt, og har eit godt utvikla kommunikasjonssystem og samhald, kan også lettare innlemme

andre artar (som mennesket) i samspelet sitt.

For den ville hesten fanst det, slik eg nemnde i førre nummer, fordelar ved at alle individa hadde same kulør. For menneska var det derimot truleg frå fyrste stund interessant å avle på ulike fargar. Utan at eg veit om nokon har forska seriøst på det, har eg i alle fall lese fleire plassar at kvite dyr ofte er rolegare og meir fredsommelege enn dyr av andre fargar. Dette skal gjelde både kvitfødde dyr, og dyr med store kvite avteikn. Då både pigmentceller og nervesystem vert utvikla på same plass i fosteret, kan det sjølvstøtt tenkast at det finst ein logisk samanheng mellom farge og lynne. Kanskje var dei kvite hestane lettare å temje enn andre, slik at dei eigna seg betre som ridedyr?

Dei nye hestekulturane som vaks fram, førte med seg store endringar i både levemåte og religion. Dei gamle fruktbarheitsgudinnene vart erstatta med krigargudar på raske hestar. Desse hestane var ofte kvite, og ein kan spekulere på kvifor. I tidlegare samfunn var den svarte fargen sett på som jorda

og livet sin farge, medan den bleike, kvite knokkelfargen var døden sin farge. Kanskje var det naturleg at guden sin ridehest var kvit eller lys, fordi det var slike hestar som frå fyrst av vart ridedyr, på grunn av lynnet? Eller kanskje var døden sin kvite farge ekstra nifs, slik at krigsguden på den kvite hesten oste av frykt, og vart høgt respektert? På sikt førte likevel skiftet av religiøs tru også til at fargene sin betyding endra seg. Den kvite fargen vart no forbunde med himmel, skyar og sol, medan den svarte fargen vart kopla til døden og mørke graver i jorda.

At hesten fekk ein viktig plass i menneska sine liv, skuldtast truleg at han skilte seg frå andre dyr på mange måtar. Han var ikkje berre nyttig, han var også svært vakker. Mann og hest vart eitt, og kvardagen og liva til menneska var tett knytt i hop med hesten. Myter og verdsførestillingar vart prega av hest, og dette dyret var med på å lage dag og natt, sol og regn, lyn og tore. At hestane dreg solvogna over himmelen, er noko vi finn att i mange ulike gamle religionar, også den norrøne. Her køyrer *Natt* over jorda

med *Rimfakse*, som doggar jorda med skum frå bekselet, medan *Dag* køyrer med *Skinfakse*. Frå mana hans lyser det over heile jorda. Eg har forresten lyst til å nemne her at «Rimfakse» ikkje kjem av kvit «rim», slik den ligg på bakken om hausten og vinteren, men av «hrim», som er svart sot. Det å kalle hestar med kvit man for «Rimfakse» i nyare tider, har vore gjort, men eigentleg er dette altså feiltolkingar av namnet og kva det betyr. Den ekte Rimfakse sin man var svart som sot, svart som natta og mørket.

Hesten vart sjølv symbolet på livskraft, grøderikdom, nyskaping og attføring. Spesielt fekk *hingsten* ei viktig rolle, og over store delar av Asia og Europa, der hesten vart utbreidd som husdyr, vart han eit sentralt offerdyr. Hesten vart midtpunktet i fruktbarheitsrituale og festar, og både i indisk og gresk mytologi og religion er kvite hestar nemnt. Gudane rir kvite hestar når dei skal i slag, og hinduane sin verdsfrelsar Vishnu rir ein kvit hest på den ytterste dag. Havhestar eller vasshestar er også vanlege i mange mytologiske førestillingar, og det var desse ein såg når sjøen gjekk med kvite skumtoppar. Dei vart kalla *brimhestane*.

Også i persisk religion møter vi kvite hestar, forspent køyredoningen til gudinna for vatnet: *Anatritra*. Keltarane hadde gudinna *Epona*, ofte framstilt som ei kvit merr. Frå skildringane til romaren *Tacticus*, som skreiv om germanarane, skal det vere nemnt heilage kvite hestar knytt til grøderikdomsgudane. Rundt om i den gamle verda vart hestar ofte ofra til sola, og sol og hest var nært knytt i hop.

Her i nord tok den norrøne mytologien over svært mykje frå andre samfunn vi kjenner, og det finst tydelege fellestrekk mellom til dømes romersk og gresk mytologi, og den norrøne. Både i indisk, gresk og norrøn mytologi var det vanleg at hestane hadde namn som sa noko om fargen på dyra. Denne tradisjonen har forresten halde seg på Island heilt fram til våre dagar, der framleis hestane stort sett får namn etter utsjånad eller eigenskapar. Slik var det også her i Norge før ein tok til med hesteutstillingar frå midt på 1800-talet. I

den grad hestar i det heile teke hadde namn, var dei stort sett knytte til fargen på dyra. Namna på hestane i den norrøne mytologien tydar ofte at dei var lysande, strålande og gylne. Om nokre av dei var kvite er det ikkje så godt å seie, men Odin sin *Sleipner* vert ofte avbilda som kvit på gamal kunst.

Ein viktig del av den norrøne kulturen og mytologien var offerfestane eller blota. Eit av dei viktigaste var Midtvintersblotet, som vart halde til ære for guden *Frøy*. *Frøy* var fruktbarheitsguden, og rådde også til dels for solskinet. Ved gudehova vart det halde heilage hingstar, vigde til *Frøy*. Desse var kvite, beitte i heilage lundar, og skulle ikkje nyttast til verken arbeid eller i avl. Hingstane vart kalla *frøyfakser*, og dei vart ofra til *Frøy*.

Det er interessant å spekulere over korleis dei kvite hestane i mytologien eigentleg var, og såg ut. Som nemnt i førre del, kan ein «kvit hest» vere mykje ulikt, genetisk sett. Eg tenkjer likevel at det er god grunn til å tenke at til dømes «frøyfaksene» verkeleg VAR det vi i dag snakkar om som «blåøygd kvite». Om dei hadde vore avbleikbare skimlar, ville det ha teke fleire år før dei vart lyse, og å unngå at dei vart skjemde ut av arbeid eller paring ville nesten ha vore umogleg. Det er altså truleg at desse hingstane vart fødd kvite (blåøygd kvite), og at dei alt som føl vart henta inn og plassert i dei heilage lundane. Kanskje gjorde nettopp det at desse hestane ikkje fekk gå i avl sitt til at ikkje kremgenet vart spreidd meir, og at det dermed heldt fram med å vere ein relativt sjeldan kuriositet?

Hesten hadde ein viktig plass i folketrua, og han vart ofte sett på som synsk. *Frøyfaksene* kunne informere eigarane sine om slikt som var viktig, og mange hestar hadde menneskelege eigenskapar. Skikkar, tradisjonar og ritual var knytte til hest, og svært mange ord, namn og stadnamn kjem frå hesten. Dette dyret var altså svært viktig, og kvite hestar vart knytt til både sol og grøde, seier og vatn. Også den kristne trua, som etter kvart tok over, fortel om *den kvite sigershesten*. Like vel, som eg

skal komme meir inn på neste gong, var truleg innføringa av kristendomen ei medverkande årsak til nyare tidars fordomar mot kvite hestar, saman med skiftande motar og trendar som kom sigande inn frå det store utland. I løpet av dei siste hundreåra har nemleg den heilage kvite fargen gått over til å vere ein farge mange mislikar og slettes ikkje ynskjer på hestane sine. Det er spennande å reflektere over kva som kan vere årsakene til dette.....

(Framhald i neste nummer)



BILETE: ØVST SIDE 30 OG 31: KALDBLODSHOPPA TORPA PI (SMOKY CREAM). FOTO: MARIANNE BÅRLI ANDREASSEN. NEDST S. 31: N/L-HOPPA BJØRKLUNDS SNØHVIT. FOTO: MARI SYNØVE KNUSEN.

Kvite hestar – Mytar og fakta

SERIE: DEL 3

TEKST: INGER GRØNNTUN

I førre nummer av Arbeidshesten skreiv eg om gamle mytar knytt til kvite hestar. Det kan sjå ut som om det heilt frå lang tid tilbake var slik at dei kvite hestane vart kopla til fruktbarheit, sola og havet. Dei fremste av gudane rei kvite hestar, og det same gjorde sigarherren i Johannes openberring. Det er tydelig at ein alltid har tillagt slike dyr ein spesiell betyding. Frå Irland vert det fortalt om ofring av kvite merrar til gudinna Epona heilt fram til på 1200-talet, og som nemnt sist var også dei heilage nordiske offerhestane (*Frøyfaksene*) kvite. Frå Sør-Amerika veit vi at det vart ofra kvite *lamaer*, så truleg har menneska gjennom svært lang tid hatt eit spesielt syn på lyse individ. Også det mytiske fabeldyret *einhorningen* vert framstilt som kvit, og sett på som eit symbol for jomfru Maria: Rein og uskuldig.

Kvite hestar har alltid hatt ei særstilling i folketrua, også her i Noreg. I «Draumkvedet» rir frelsaren (Kristus) på ein kvit hest, og det å drøyme om kvit hest kan bety at noko godt skal hende. *Nøkken* kunne skape seg om til ein kvit hest, og «huldrehestane» var ofte blakke eller lyse.

Også *Muhammed* rei ein kvit hest, *Alborak*. Ein ser at leiaren, sjefsguden, kongen, eller andre med stor makt, har ridd kvite eller lyse hestar gjennom heile historia. Dette heldt seg etter at dei nye religionane tok over for dei gamle og «heidenske». Ser ein på kunst og bilete



FOTO LÅNT FRÅ INGER BLOMSTERENG
N/L-HESTEN FOSSEGRIMEN


frå mellomalderen og seinare, finn ein mektige menn og tapre riddarar på kvite hestar. *Napoleon* sin hest vert ofte framstilt som kvit. Elles er vi godt vande med både eldre og nyare framstillingar av kongar, keisarar og dronningar, som viser at dei gjevaste ridedyra var kvite.

Det kan vere lett å tenke seg at det fyrst og fremst er *avbleikbare skimlar* det er snakk om, men gjennom nedskrivne tekstar veit vi mellom anna at dei danske dronningane *Charlotte Amalie* (1650-1714) og *Juliane Marie* hadde sin eigen «flokk» med perlefargete køyrehestar. Desse var mest sannsynleg det vi i dag kallar *perlinoar*, med fløytefarga kropp, cafe-au-lait-farga man og hale, lys hud og «glasauge». I Danmark starta ein alt i 1562 opp med organisert avl ved Frederiksborg-stutteriet, og hestane vart sortert i flokkar (*stod*) etter farge. I den tida vi ofte kallar *barokken*, var det på moten med mange ulike fargar på hestane, men eit køyrespann skulle helst bestå av til dømes fire eller åtte hestar av same farge. Barokkhestane kunne vere flekkete, prikkete (tigra), eller meir «normale» fargar, som brun, svart, rød og skimmel. Også gule, blakke og borka hestar var vanlege, samt konstant-skimlar. Dessutan fanst det ein god del kvitfødde dyr, og desse var som nemnt ofte populære køyrehestar blant dronningar eller andre prominente personar.

Det var ikkje berre i Danmark vi fann fargesprakande barokkhestar, dei var vanlege over heile Europa. Måleri av lipizzanarhestar frå den same perioden viser også mangfaldige fargar, og også

blåøygd kvite individ. Då spanjolane reiste over havet til Amerika, tok dei med seg hestar, og framleis ser vi barokken sine fargar hjå mange amerikanske rasar.

I Europa skifta derimot moten, og spesielt då ein kom innover på 1800-talet. Plutseleg vart ein del av barokkhestane sine prangande fargar sett på som både stygge og vulgære. I den nye tida skulle ein avle fram einsarta samlingar med hestar til militært bruk, samt matchande forspann til køyring. Dyra skulle helst vere brune, men også svarte, røde og skimla hestar vart nytta. Dei andre fargane forsvann meir og meir vekk. Blant hestefolk oppstod det normer og reglar for kva som var rett og galt når det gjaldt fargar. I bøker frå 1800- og tidleg 1900-tal finn ein ofte temmeleg nedsettande kommentarar om til dømes flekkete, tigra og kvite hestar. I slike skrifter er dei kvitfødde ofte kalla «svake». Nokre heldt derimot fram med å avle og eige kvite hestar lenge enno, og mellom anna hadde dronning *Victoria* av England eit flott forspann med kvitfødde hestar («The cream ponies») på 1800-talet. **FRAMHALD I NESTE NR.**



CHARLOTTE AMALIE MED HESTAR



CREAM STATE CARRIAGE HORSE OF QUEEN VICTORIA'S STUD
Coloured lithograph after Alfred Corbould
From Sidney's *Book of the Horse*, 1875

Kvite hestar – Myter og fakta Del 4

AV INGER GRØNNTUN

I serien min om kvite hestar har eg fortald at desse hestane hadde stor betyding i førkristen tid. Dei var heilage, og knytt til ulike religiøse førestillingar. Dei vart ofra til gudane, og ofte tilbødt og tillagt overnaturlige eigenskapar. Då kristendomen vart innført, såg ein brått på hesten med andre auge. Sidan han var eit viktig offerdyr, og hestekjøt vart ete på dei heilage blota, blei hesten knytt til heidenskapen. Kristendomen slo hardt ned på mykje av det som hadde med den gamle trua å gjere, og dermed vart hestekjøt tabu. Det kan vere nærliggande å tenkje seg at dei aller mest heilage dyra, nemleg dei kvite, også fekk dårlege rykte på seg frå den tida. Menneska har det med å knyte ulike kulturelle førestillingar til konkrete objekt, og kan hende vart den kvite hesten ein «syndebukk» på linje med den svarte katten? Overtru og myter spela viktige roller i mellomalderen, og viss nokon eller noko av ulike årsaker vart «stempla», sette det lett i gong ein heil serie med historier og forteljingar, som vart brukt til å understøtte dei rådande syna. Dette er noko vi kjenner til i dag også, for dei fleste er det nok å nemne «bygdedyret»....

Om det verkeleg er slik at ei av årsakene til det negative synet på kvite hestar har rot tilbake frå overgangen til


kristen tid, er vanskeleg å vite, men det er ein spennande tanke! Det som kanskje *ikkje* heilt understøtter denne teorien, er, som før nemnt, at mellom anna kongelege og andre prominente personar i mange hundreår seinare var svært begeistra for dei kvite hestane. Gamal kunst frå rundt om i landet vårt viser mangfaldige fargar på hestane, og nokre er kvite. Frå 1600-1700-talet har vi også nedskrivne norske kjelder som fortel om hestefargar. Dette er fyrst og fremst skifteopplysningar, dokumentasjon om innkjøp av hestar til militært bruk, og liknande. Også her får vi vite om kvite hestar, og eg har ikkje funne noko som tyder på at desse var mindre verdsette enn andre. Kan hende kom motstanden mot desse dyra, og andre hestar med avvikande fargar, fyrst for fullt då barokken tok slutt? I denne fargerike og brokete perioden var det på mote med hestar i alle slags fargar. Prikkar, flekkar, blakke og borkete, gule, kvite, konstant-skimlar og alle andre kulørar var høgt verdsette. Bilete frå store stutteri sørover i Europa visar mangfaldig og stor fargevariasjon. Når motene skiftar, skjer det alltid store endringar. Det som før var flott, blir brått vulgært, stygt eller fælt. Den nye trenden etter barokken, vart like og einsfarga hestar. Dei rike skulle ha lekke forspann med 4, 6 eller 8

hestar av same farge og nyanse, og kavaleria skulle opptre som ei samla eining, med like hestar og uniformer. Den nye moten var soleis å avle hestar som såg mest mogleg einsarta ut. Dette vart stort sett lettast å få til med brune, raude, svarte og skimla dyr. Ein kjende ikkje til arvelovane på den tida, men såg likevel at det var mange fargar det var svært vanskeleg å reinavle. Dei dobbelt-gule hestane, som er dei eg har kalla kvite i denne artikkelserien, er enkle å reinavle. Det ein derimot truleg ikkje tenkte på, var at ulike gen kunne føre til liknande fargar. Når ein ville reinavle kvitt, tok ein difor etter all sannsynlegheit også inn både prikkete hestar med få prikkar (nesten kvite), og kanskje også sabinokvite og dominant-kvite. I tillegg kan ein ha brukt lysgule, gulblakke, ulike flekkete hestar med lite farge, og skimlar. Det seier seg sjølv at det var vanskeleg å avle rein kvit farge slik.

Ein prøvde seg med reinavl av kvitt, mellom anna ved Frederiksborg-stutteriet i Danmark, men lykkjes ikkje så godt, truleg på grunn av utfordringane nemnt over. Kvite hestar var eit vanleg avlsmål i det som kallast hoffstutteria sin glansperiode, og i Danmark vart det innført to kvite hingstar frå Württemberg og Russland av kong Frederik den 3. I år

1672 oppretta kong Frederik den 5. ein flokk md lyse hopper. Nokre av dei var kvite, og hingsten som vart nytta til dei, *Jomfruen*, var kvitfødd. Nokre av dei seinare hingstane var eigentleg tigrete (prikkete), og avkomet vart dermed ikkje som forventa. «Det hvide stod» (den kvite avlsflokken) fanst i Danmark heilt til 1871. I dei siste åra hadde ein problem med dårleg fruktbarheit, mykje kasting og dødfødsler. Det kan ha vore fleire årsaker til dette. Vanlege kvitfødde hestar har ikkje slike problem, men enkelte av dei andre fargane som vart brukt (som sagt var det mange andre typar «kvite» dyr i denne avlen, ikkje berre dobbeltgule) kan vere dødelege i dobbel dose. Det som likevel truleg var det største problemet, kan ha vore innavl og slektskapsavl. Når ein les at stuttoriet nytta ein av hingstane sine til han var 22 år, og at ein annan bedekka i 12 sesongar, må ein gå ut frå at hingstane vart brukt på eigne døtre og barnebarn, og slikt fører til at fruktbarheita går ned. Ein dreiv av og til utkryssing med andre fargar, og tilbakekryssing med kvit, men også dyra ein kryssa ut med var ofte i slekt med dei kvite hestane. Slike til dels mislukka forsøk på å reinavle kvit farge, utan å kjenne til arv og genar, kan absolutt ha vore med på å gi folk ei førestilling om at kvite dyr var svake.

Ein annan plass dei avla kvitfødde hestar, var i Tyskland. Her vart hestetypen «The Royal Hanoverian Creme» danna, og kvite hestar vart oppdretta her heilt frå 1600-talet. Mange av hestane vart seld til kongelege i England. Rasen eksisterte visst nok heilt til 1960-talet. Under den fyrste verds-



krigen ville ikkje engelskmennene importere tyske hestar meir, og fekk problem med innavl i creme-hestane sine. Under andre verdskrig vart stuttoriet som oppdretta hestane i Tyskland øydelagt. Dei siste engelske hestane vart etter kvart seld, mellom anna til sirkus. Ein ser altså at blant kongelege har kvitfødde hestar ein lang og stolt historie.


På same tid som ein etter kvart helst ville ha reine brune, raude, svarte eller skimla hestar, altså etter barokken, ser det ut som om ein begynte å lage ulike førestillingar om dyr med anna farge på skinnet. Frå slutten av 1700-talet, og spesielt utover på 1800-talet, blei fargevariasjonen mindre og mindre i dei store europeiske stuttoria. Hestar med avvikande fargar vart truleg seld ut som bruksdyr, og dermed vart dei rasane vi i dag kjenner som typiske ridehestar, og også veldig mange av dei tyngre trekkrasane, brått berre avla i dei fargane som var på moten då. Dei andre forsvann. Nokre rasar gjekk så langt at dei berre ynskte *ein einaste* farge, og dermed vart alle andre variantar utradert.

Frå slutten av 1800-talet finst det fleire hestebøker og dokument skrivne av «viktige» hestekarar, der vi får vite mykje om dei mytane som etter kvart vart konstruert kring hestar med avvikande fargar og avteikn. Flekkete og prikkete hestar høyrde brått berre heime på sirkus, eller hos omflakkande og reisande folkeslag. Ingen stormann med respekt for seg sjølv ville lenger ha noko slikt på stallen. Kvit hestar vart sett på som veike og svake, med tynn hud og dårleg syn. Ein av dei som skreiv om hestefargane på den tida er svenske C. G. Wrangel. I 1887 vart hans verk, *Handbok för hästvänner*, utgjeven, og han skriv mellom anna slikt som at avteikn på hest vart rekna som det fyrste symptomet på albinisme. Han kallar elles kvite hestar for «hvitfødde skimlar». Det var som nemnd ikkje uvanleg på den tida å bruke ulike namn om kvarandre på fargane. Wrangel nemner også det engelske ordtaket «urblekt färg, urblekt konstitution», og påstår at mørke hestar er både sterkare

og seigare enn lyse. - Bleike hestar duger sjeldan til hardt arbeid, skriv han. Vidare reknar han opp åtferd og gemytt knytt til fargar, og skriv at dei kvite var hesteslekta sine «lam». *Snill, men svak*, vart dermed kanskje ein passande karakteristikk dåtidas hesteskriventar gav dei kvite hestane. Interessante kuriositetar, som neppe kan provast forskingsmessig.

Motebylgja trefte Norge, rett nok etter litt tid, og brått skulle storbøndene på Austlandet og i Gudbrandsdalen helst ha mørke og einsfarga hestar. Noko import av framand blod gjorde truleg også at desse fargane blei meir dominerande. Det rare er at når vi les om innkjøp av dragonhestar frå dei typiske dølahestområda tidleg på 1700-talet, så er dei fleste hestane lyse. På same tid ser det ut for at mørke fargar var det mest vanlege i fjorddistrikta. Dette tyder enkelt og greitt på at fargen ikkje er noko rasemerke. Det er enkelt å skifte farge på ein hestetypen eller rase, og det er all grunn til å tru at hesten i Norge hadde eit minst like stort fargemangfald som islandshesten, i tida før den organiserte hesteavlen her til lands vart sett i sving frå midt på 1800-talet. Då tok ein i bruk den europeiske mote-modellen med «uniformering», altså faste fargar på dei rasane som vart laga.

Førestillinga om at dei kvite hestane skulle vere sjukare og svakare enn andre dyr, kom truleg også relativt seint hit til landet. Frå seint på 1800-talet høyrer ein dermed jamleg om kvite hestar, og etter kva ein forstår, gjekk dei i bruk og avl som alle andre. Neste gong skal eg skrive meir om kva vi veit om kvite hestar i Noreg på 1700-1800-talet, i den tidlege organiserte hesteavlen si historie.





Kvite hestar – Myter og fakta

Del 5

AV INGER GRØNNTUN

I dei siste Arbeidshesten-blada har eg skrive om kvite hestar («blåøygd kvite»), og alle mytene dei har vore omgitt av, gjennom alle tider. Frå å ha ei viktig religiøs betyding, vart etter kvart dei kvite hestane sett på som mindre-verdige og svake av mange menneske. Dette hadde truleg fyrst og fremst samanheng med den tankegangen som vart vanleg i Europa etter barokk-perioden, nemleg at hestar helst skulle vere like og einsfarga. Brune, svarte og røde hestar vart mest populære, samt dei avbleikbare skimlene. Slike fargar var relativt enkle å avle på, og ein kunne sette saman lekre firspann eller militære kavaleri med einsarta dyr. Andre fargar vart sett på som vulgære, og myter og historier vart dikta opp. Ofte kunne det nok også vere slik at «ei fjør vart til ti høns». Nokon høyrde kanskje om ein tilfeldig kvit hest med dårleg helse, eller ei kvit merr som ikkje vart drektig, og spann opp historier om at dette skuldtast fargen. Rasane som på denne tida vart grunnlagt, eller endra på, fekk no faste «fargeuniformer». Eit døme på dette er lipizzanaren, som før hadde eksistert i alle slags fargar. No skulle den helst vere skimmel. Den danske fredriksborgaren skulle brått vere rød, og mange av dei tyske rasane skulle helst vere brune.

Denne gongen skal eg fyrst og fremst konsentrere meg om å seie noko om fargehistoria til hesten på Vestlandet. På 1700-1800-talet var Norge framleis eit u-land. Hesten her fanst i alle fargar, og ingen vanlege bønder eller småfolk hadde tankar om å endre på dette. Kvit var ein farge som alle andre, og eg har

ikkje enno funne norske kjelder som seier noko om at denne fargen vart mislikt. *Albert Joleik* fann ut mykje om hesten i Sunnfjord, og i opprekningane hans av hestefargar, finn vi ein del kvite dyr. Det er vanskeleg å vite om desse verkeleg var blåøygd kvite, eller om dei var ulsblakke, skimla, eller av andre fargar. Noko som taler *mot* skimmel, er at enkelte av dyra er føl og unghestar. Ein skimmel vert ikkje kvit før han er vaksen. Noko som kanskje kan tale *mot* at dei kvite var ulsblakke, er at det fanst relativt få andre blakke hestar. Dette er det likevel sjølvsagt verre å vite noko sikkert om. Vi finn til og med oppføringar om kvite *grahestar* (altså hingstar), og dette kan tyde på at ein ikkje såg på fargen som nokon hemsko. Nokre av dei kvite hestane er blant dei eldste (i alder og år) vi finn i skriftene til *Joleik*. Elles var fleirtalet av hestane i fjorddistrikta på 1700-talet, og godt fram på 1800-talet, av mørk farge (brun, svart, grå, rød).

Noko som er litt interessant, er at det to plassar på Vestlandet etter kvart vart ei tydeleg oppblomstring av blakke og kvite hestar. Den eine plassen var i Hordaland, rundt *Baroniet Rosendal*. Her var det storfolk som heldt til, og rundt siste del av 1800-talet var *Avlsgarden* eit senter for hesteavl i området. *Hoff Rosenkrone* hadde hingstar som folk i distrikta rundt kunne bruke, og stort sett var minst ein av hingstane av ulsblakk farge. Alt frå midten av 1700-talet hadde baroniet helde hingstar, og oftast var det ein ulsblakk og ein brunblakk. Den mest

kjende er *Rosendalsborken I 8*, fødd i 1863. Kor dei vakre Rosendalshingstane stamma frå, kunne nok variere, og vi veit ikkje så veldig mykje om det. Ein kan tenke seg at folk med god råd og kontaktar i andre land sikkert kunne importere eit og anna flott dyr oppgjennom åra, og sette det inn i avlen. Hovudtyngda av stammen var truleg likevel lokale dyr, men det vakre eksteriøret hos mellom anna Rosendalsborken harmonerer kanskje ikkje heilt med det eksteriøret vi oftast ser på bilete av den gamle vestlandske gardshesten frå seint på 1800-talet. *Hans Lyssand* skriv at Ludvig Rosenkrantz på baroniet vart gift med Karen Mowatt i 1657. Far til Karen var skotsk, og Lyssand har dermed tenkt seg at det kanskje kan ha komme hestar frå Skottland over til Hordaland. Som argument for dette nyttar han mellom anna det at ein del hestar i Kvinnherad i åra krig 1880 mangla kastanjar og sporar. Dette gjaldt også den såkalla keltiske ponnien frå dei britiske øyar. Lyssand fortel vidare at det også fanst kastanje- og sporelause hestar andre plassar på Vestlandet, og særleg i ytre strok, kan det verke som. Det kan dermed godt hende at slektskap med britiske dyr har ligget langt lenger tilbake i tid. Kontakta folket på Baroniet hadde med utlandet var uansett stor, både på 1700- og 1800-talet, og Lyssand hevdar dermed at det var mykje truleg at utanlandske hestar vart innført. Den konkave naseryggen var typisk for mange av hestane frå Kvinnherad, og kan ha tyda på orientalsk blod. Kvifor ein valde å avle på ulsblakke dyr i Rosendal, er det ikkje godt å vite. Kan

hende hang tankesettet frå barokktida såpass i blant dei norske adelsmennene at dei framleis syntes fargar som alt var avleggs blant folk flest i Europa, var vakre? Eller vart ein inspirert av dei engelske og danske dronningane sine vakre, kvite forspann? Kanskje var det rett og slett berre slik at ein del av dei innførte utanlandske hestane (viss det var nokon) tilfeldigvis var lyse? Sidan det var mange ulsblakke hingstar, er det rimeleg å tru at det også vart fødd ein del kvite føl. Av stambokførde hingstar frå Hordaland i tida 1900-1910 er 40 % ulsblakke, og det er ein stor andel.

Ein annan plass der dei hadde mange lyse hestar, var i Møre og Romsdal. I Nordal prestegjeld hadde dei visstnok ein stamme med store, borkete hestar. I fylgje Lyssand kunne dette skuldast to ulike tilhøve. Det eine skulle vere at nokre av stamdyra var komne austfrå, via Romsdal og Gudbrandsdalen. Det andre var at hestane ætta frå dyr frå stuttoriet *prest Christoffer Tanke* dreiv på prestegarden i Nordal frå år 1717 og framover, og som visst skulle vere lyse.

No vil sikkert mange tenke at det var rart at hestar frå Gudbrandsdalen og Austlandet var lyse (borka/ulsblakke), men forklaringa her er enkel. *Sigvald Petersen* fortel i forordet til den fyrste stamboka for dølahest (gudbrandsdalshest) at dei *vanlege* fargane på hestar i Gudbrandsdalen og på Hedmarken rundt år 1700, var ulike blakke og lyse variantar. Berre rundt 10 % av 89 innkjøpte dragonhestar i 1717 frå desse distrikta var svarte eller brune. Også *Pontoppidan* fortel at fargen på hesten i Gudbrandsdalen stort sett var *gul med svarte bein og ål*. Dette er interessant.



Tidleg på 1700-talet var det altså mest lyse/blakke hestar i dei seinare typiske dølahestdistrikta, medan det var flest mørke hestar (brune, svarte osv.) i dei typiske fjordhestdistrikta. Ein skal vere klar over dette. Fargen er ikkje noko rasemerke frå gamalt av, og seier lite eller ingen ting om kor ein «rase» kjem frå eller har opphavet sitt.

Der det ser ut for at det fyrst auka på med blakke hestar vestpå, var i dei distrikta som hadde mest samband med Austlandet (og utlandet?), slik som på Møre, i Indre Nordfjord, og for eksempel i Kvinnherad, som alt er nemnd. I Gudbrandsdalen kom det derimot inn nye, mørke hestar frå Sverige og Danmark, til storgardane der. Her vart ein utover på 1700-talet inspirert av trendane på kontinentet, med mørke og einsfarga hestar. Elles kan det sjølvstøtt også hende at den handelen med hest som sette i gong for fullt frå tidleg på 1700-talet, gjorde sitt til at fargane skifta. Frå den tid vart det seld enorme mengder med hest frå Vestlandet til Austlandet. I mange bygder på Austlandet avla dei nesten ikkje hest sjølv lenger, då dei dreiv med tung pliktkøyring året rundt. Handelen *kan* ha vore med på å bidra til at det vart meir mørk hest austafjells. Samtidig veit vi at handelskarane tok med seg nokre dyr tilbake til Vestlandet, og desse kan godt ha vore blakke eller lyse i den fyrste perioden, all den tid det var slike fargar som dominerte austpå.

På den tida då ein begynte med organisert fjordhestavl (kring 1850), var det mest vanleg med blakk hest i Indre Nordfjord og på Sunnmøre. Det var også i desse distrikta ein hadde den «vakraste» hesten, og både farge og eksteriør kan godt ha hatt samband med sambandet til Austlandet. Vegen var ikkje så lang over fjella i desse distrikta, medan ytre strok av Vestlandet låg meir avsides. Der hadde ein også større variasjon i farge, og ofte mindre og «styggare» hestar.


No har eg skrive mykje om fargar generelt. Etter denne «avstikkaren» (som likevel er viktig for heilskapsforståinga), skal eg prøve å komme

tilbake til hovudtemaet, *dei kvite hestane*. På Møre var det slik at dei lyse hestane tydelegvis var enormt utbreidde. Om dette skuldtast stuttoriet til prest Tanke, handel med Gudbrandsdalen, tilfeldigheiter, eller rett og slett at folk lika fargen, er vanskeleg å vite. Truleg var årsakene samansette. 100 % av dei stambokførde dyra (både hingstar og merrer) fødd før 1870 i Møre og Romsdal, er ulsblakke, I tidsrommet 1870-1880 er 50 % av hingstane brunblakke, 43 % er ulsblakke, og 7 % er brune. Av hoppene er 40 % brunblakke, og 60 % ulsblakke. Med ei slik mengd ulsblakke hestar i eit distrikt, må ein rett som det var ha fått kvite føl. Også i Nordfjord vart det mykje ulsblakt. Fleire hingstar vart seld frå Møre til Nordfjord. Ein av dei var ulsblakke *Harald Hårfager* 231, ein vakker hingst som fekk betyding i fjordhestavlen.

Vi finn nokre kvite hestar nemnt i dei fyrste stambøkene for fjordhest, som mødrer eller bestemødrer til stambokførde hestar. Den som er kanskje er mest kjend, og som finst i alle fjordheststamtavler i dag, er den «Hvite, glassøiete» hoppa som er mor til *Gudrun* 279. Denne Gudrun, som sjølv var ulsblakk, fekk ei stor etterslekt. Det må ha vore mange kvite hestar rundt om, og truleg ikkje berre på Vestlandet. All den tid «kremgenet» eller «gulgenet» var utbreidd i heile landet, fanst det nok rikeleg med kvite dyr både austpå og nordpå også.

Det er som sagt ikkje enkelt å finne nokon haldepunkt for at den kvite fargen skulle vere uynskt. *Amund Mork* fortel om hestehandel frå Nordfjord, truleg i tida rundt år 1900. Fargane på hestane varierte mykje, og spesielt frå ytre strok kom mange mørke hestar. Han fortel også at kvite, glasøygde hestar fanst i drifta kvart år.

Neste gong skal eg skrive om stuttoriet på Hjerkinna på Dovre. Det er fyrst og fremst historia om fjordhestavlen der midt på 1800-talet som har gitt opphav til den seiglivaste norske myten om svake og veike blåøygde hestar. Ein myte som etter kvart bør avlivast for alvor.



Del 6 – Stutteriet på Hjerkinns og den norske «albino-myten»

AV INGER GRØNN TUN

I 1814 fekk Norge si eiga grunnlov, og nasjonsbygginga starta for alvor. Prosessen med å skape ein nasjonal identitet hadde gått føre seg lenge alt i mange europeiske statar, men landet vårt var underlagt danskane i 400 år, og dermed var det fyrst på 1800-talet at ein kom i gong med å forme «det norske». Ein skulle komme fram til noko eige og sær. Kva var typisk norsk? Ideal frå vikingtida, stordomstida «vår», vart henta fram, og ein vart oppteken av norsk natur og kultur. Dette kom til syne i kunst, litteratur, arkitektur, og i dei ideala som oppstod. Norge måtte også bygge opp sitt eige forsvar, og ein sjølvstendig økonomi. Parallelt med den norske nasjonsbygginga føregjekk også den industrielle revolusjonen, med overgang til meir industri og mekanisering. Folketalet auka, byane vaks, fleire dreiv etter kvart med andre typar næring enn jordbruk, skogbruk og fiske, og nye tider var i emning.

I jordbruket skjedde det mykje på denne tida. Det vart tilsett agronomar og andre, som fekk i oppgåve å rettleie og undervise bøndene i jordbruk og husdyrhald. Til og begynne med kom desse ofte frå Danmark eller Sverige, eller dei hadde i det minste utdanninga si derfrå, men etter kvart starta ein også opp jordbruksskular rundt om i Norge. For å få betre avling vart bøndene opplærde i grøfting og skiftebruk, etter kvart kom også nye metodar for gjødsling, og det vart innført og utvikla plantesortar som gav større avlingar. Dette var viktig, i og med at fleire menneske skulle dele på maten enn før. I tillegg til plantar og vekstar, vart det naturleg nok også fokusert på husdyr. Avlsarbeidet, som tidlegare ofte var temmeleg tilfeldig, vart i større grad sett i system. Einskildindivid av ulike rasar vart innført, og kryssa inn i dei lokale

typane, og ein begynte å halde utstillingar og fesjå, der dei finaste dyra vart premierte. Staten kjøpte inn premierte hanndyr, for at flest mogleg skulle kunne bruke desse i avlen.

Når det gjaldt hest, var det tidleg på 1800-talet viktig å avle fram dyr til militært bruk. Hesten kunne godt vere litt større og litt raskare enn det ein var vant til. Særleg på Austlandet var det mykje køyring i samband med bergverks- og sagbruksindustri, og raske og sterke hestar vart etterspurde. I mange bygder austafjells avla ein ikkje hest sjølv i det heile, men kjøpte alt vestfrå. På Vestlandet var hesteavl ei viktig attåttnæring i mange bygder, og store drifter drog austover fjella kvart år. Hesten på Vestlandet var svært ueinsarta, slik eg har vore inne på før, med stor variasjon både i farge, storleik og utsjånad. Også i einskilte austlandsbygder, som i Gudbrandsdalen, avla ein hest.

Då ein begynte å tenke på å få fram eigne norske «rasar», lurte ein naturleg nok på kva ein skulle ta utgangspunkt i. Skulle ein dyrke fram den større, sterkare, raskare og penare typen dyktige storbønder i Gudbrandsdalen og områda rundt hadde avla fram, eller skulle ein prøve å få noko ut av det ein såg på som meir «opphaveleg» norsk hest, nemleg den som fanst på Vestlandet? Det ein valde, kan seiast å vere eit resultat av tida det skjedde i. Ein bestemte seg for å satse på det ein rekna som den «ekte» norske hesten, det ein såg på som ein slags «arv» frå vikingtida. Ein vart likevel einige om at det var naturleg at ein heldt på den større og raskare typen i dei bygdene der denne var vanleg. Dermed var utviklinga av dei to nasjonale hesterasane fjordhest og dølahest i gong.

I andre europeiske land var det vanleg å opprette statseigde stutterier, der det vart drive avl av hest i stor målestokk. Dette ynskte ein å prøve her til lands også. I tråd med tidens tankar

vart det bestemt at stutteriet skulle ligge høgt til fjells, på Dovre. Intensjonen var at «De her værende fortrinlige Havnegange vilde bidrage til at forædle Hesteracen ved at forøge dens organiske Kraft; det bjergrige Terrain vilde uddanne dens Mod og Lethed, og det strenge Klima dens Haardførhed» (lektor Chr. Boeck, 1829). Ein tenkte truleg slik at viss det skulle avlast fram ein hest som passa i hop med den særnorske og barske «folkesjela» ein var i ferd med å skape, måtte den herdest og styrkast i ville fjell.

Allereie i 1829 vart det bestemt at det skulle opprettast eit stutteri på Hjerkinns. Ein fekk tilslutnad til dette frå direksjonen i Det kongelige selskap for Norges Vel, så sant ein gjekk inn for å avle på hestar av «oprindelig norsk rase». Ein skal vere klar over at det ikkje fanst rasar på den tida, slik vi har i dag. Grunna ein del importerte dyr, skilde ein likevel mellom desse og dei andre, og kalla den eine gruppa «norske». Sidan ein ynskte hestar som helst var «aldeles ublandet», begynte ein å leite på Vestlandet etter stamdyr. Det var ingen som skreiv ned stamtavlar på den tida (med mindre nokon gjorde det privat for seg sjølv), dermed har det sikkert vore både «ublanda» norske hestar austpå, og «blanda» hestar vestpå. Kva ein skal kalle «blanda» og ikkje vert jo også eit definisjonsspørsmål. Både i norrøn tid og seinare har det gått føre seg utveksling av hestemateriell med andre land, i større og mindre målestokk, og hesten har ei like mangfaldig historie som menneska i dette lange landet vårt.

Uansett vart det vedteke at stamdyra til stutteriet helst skulle vere av det ein kalla borka farge. På denne tida vart både det vi i dag kallar borkete, og ulsblakke, kalla borka. I grunn er det ikkje så feil, då begge desse variantane har gul/krem-genet på brun grunnfarge. Den ulsblakke har genet for blakk i tillegg. Hestar av slik farge vart sett på

som «særs norske», sannsynlegvis fordi dei var gått av moten sørover i Europa, slik at dei etter kvart var sjeldne andre plassar. I einskilde bygder vestpå fanst det mange borkete eller ulsblakke hestar, medan dei var meir uvanlege andre plassar. I Austlandsbygdene var dei svært alminnelege 100 år før, men etter som det kom inn ein del importdyr med mørke fargar, vart det færre lyse hestar her. At det kom mange mørke hestar frå Vestlandsbygdene, kan også ha gjort sitt til at dei lyse vart meir sjeldsynte austafjells. Ein annan grunn til at ein valde lyse individ, kan ha vore eit nasjonalromantisk ynskje om trolske hestar som skein som isbreen og sola.

Det tok ein del år før stuttriet kom i gong for alvor. Ein måtte vente på at fjellstova på Hjerkin vart ledig, slik at den kunne bygslast, og det tok tid å få alt det praktiske og økonomiske på plass. Å finne gode hestar var heller ikkje enkelt. Hingsten vart innkjøpt på Romsdalsmarknaden, og var den einaste ein greidde å finne blant dei 200-300 som vart omsett der. I 1844-1845 var stuttriet ein realitet. Her skulle det drivast planmessig avl, for å få fram gode køyre- og ridehestar.

Mange har høyrte historia om stuttriet på Hjerkin, og veit at det ikkje gjekk så bra. Det ser derimot ut som om den historia som har festa seg, og står fortalt i dei fleste nyare og halvgamle hestebøker, kanskje ikkje er heilt rett. I den fyrste stamboka for dölhesten, frå 1902, står beretninga frå stuttridrifta, slik den vart skriven av Lensmann Fougner i 1855. Rapporten fortel nøkternt og greitt om føla som vart fødd kvart år, frå 1846 til 1854. Det kom til verda 32 føl, og av desse var 15 kvite, 2 brune og 2 brunblakke. Resten må ha vore borka eller ulsblakke. Om dei kvite står det at dei fleste vart «kasserte», i alle fall dei fyrste åra. Det same gjeld dei brunblakke. Opprekninga av fødte føl, vert fylgt av desse orda: «Heraf sees, at der af Stutteriets 32 Føl, har været 15 hvide, 2 brune og 2 brunblakke, der ikke kunde egne sig for Opdrætning til vordende Stamdyr, og at følgelig intet Valg har kunnet finde Sted. De ved

Indretningen faldne 12 borkede Føl ere vistnok i saadan Hensigt opdrættede, men uden at være Hesteskjønner tør eg erklære, at ingen af disse have været velskikkede som avlsdyr».

Sjølv om eg ikkje veit det heilt sikkert, går eg ut frå at dette har blitt lese og tolka av personar som allereie hadde fordomar mot kvite hestar, og dermed trakk konklusjonen om at stuttriet gjekk dårleg *fordi* mange føl vart av slik farge. Det er nemleg dette skribentar har spreidd ut til folk i ei årrekkje. «Stuttriet på Hjerkin gjekk ikkje fordi det kom mange albino-føl», kan vi lese, i bøker, i blad, og på nete. Studerer ein teksten, slik den er sitert i dölheststamboka, er det derimot ikkje *det* desse linjene seier. I rapporten står det enkelt og greitt at både dei kvite føla, og dei brune og dei brunblakke, var ueigna. Ikkje fordi dei var «svake og veike» «albinos» eller noko anna, men rett og slett fordi dei var av feil farge. Stuttriet ville reinavle borka/ulsblakke hestar. Som vi har sett før, prøvde danskane det same på Frederiksborg lenge før, og det var like så mislukka der. Å reinavle hestar med *eitt* gul/kremgen går ganske enkelt ikkje.

Hestane med kvit farge var ikkje feilvare *fordi* dei var kvite, men fordi dei IKKJE var borka/ulsblakke. Ein annan tanke eg gjer meg når eg les rapporten, er at eg lurar på om nokre av hoppene på stuttriet også kan ha vore kvite? Bortimot halvparten av føla var kvite, og statistisk sett burde andelen vore 25 %, viss alle dyr av begge kjønn var borka/ulsblakke. Med borka/ulsblakk hingst og kvit hoppe, vil derimot prosenten auke til 50. Ei anna moglegheit kan sjølv sagt vere at nokre av dei «kvite» eigentleg var gule eller gulblakke, og at desse vart sett i same kategori som dei kvite. Då kan det ha stemt at alle hoppene var borka/ulsblakke.

Hestebokforfattarar har gripe fatt i det at føla vart kvite, og spreidd «sanninga» om at dette var årsaka til at stuttriet vart mislukka rundt, både i Norge og resten av verda. Denne myten har etter alt å dømme verka inn på folk i dag si haldning til norske hestar med kvit

farge. Feiltolking, basert på fordommar, grunna ting ein har høyrte, sett eller opplevd tidlegare, kan ha vore EIN grunn til korleis ein seinare har vald å vinkle historia om hestane på Hjerkin. Ein annan grunn kan vere at ein har ynskt å finne eit påskot til å sverte dei kvite. Kven veit? Kanskje ein i tillegg har brukt forklaringa for å dekke over dei verkelege årsakene til at stuttriet måtte gi opp drifta? At føla fekk feil farge var trass alt noko «ingen» kunne forutsjå eller skuldast for.

At stuttriet vart ein fiasko, hadde truleg lite med kvite hestar å gjere. Det at få føl vart borka eller ulsblakke, kan naturlegvis ha verka inn på suksessen, men mykje viktigare var helsa til hestane. Dei fleste av fjordhestane vart nemleg sjuke, fekk kverke, og treivst dårleg på fjellet. Fyrst etter eit par år kom dei i passeleg hald. Tilstanden til hestane var slettes ikkje spesielt god då dei vart inispisert, og dermed vedtok ein å legge ned drifta. At dei leiande menn innan hesteavlen i Norge på den tida (mellom anna statsagronom Lindeqvist) i tillegg var av den oppfatninga at det dei kalla «den gudbrandsdalske hest» var langt overlegen fjordhesten, og ein betre og meir eigna type på alle måtar, gjorde også sitt til at ein ikkje lenger ynskte å satse vidare på tiltaket.

Stadig ser ein menneske som i ymse debattar viser til Hjerkin-stuttriet når det er snakk om kvite hestar, og som koplar fargen til dårleg helse og eit lite fungerande avlstiltak. Ein har ein slags ide om at folk flest på den tida mislikte kvite hestar, og såg på dei som ubrukelege. Dette har eg ikkje funne noko prov for, tvert i mot finst det atskillige dyr i dei gamle stambøkene som har kvite hestar i stamtavla. Dei vart seld og kjøpt, og gjekk i arbeid som alle andre.

Når det gjeld utstillingar, premieringar og innkjøp av avlshingstar, skiftar motene stadig. Den rådande retninga frå slutten av 1800-talet og framover, og heilt til våre dagar, gjorde sitt til at dei kvite hestane på sikt vart sjeldne. *Meir om dette i neste nummer.*

Kvite hestar – Myter og fakta

Del 7 – Fargeavl og likskapstankar

AV INGER GRØNNTUN

I dei to førre nummera av Arbeidshesten har eg skrive om den gong då hesteavlen i Norge for alvor vart sett i system, altså frå midten av 1800-talet og framover. Å «lage ein rase», ut frå eit ueinsarta avlsmateriale, er ikkje særleg enkelt. Enda verre var det på den tida, då ein ikkje visste stort om genar og arvelover. For å få fram ein rase må ein bestemme seg for nokre eigenskapar ein ynskjer å fokusere på, og premiere dyr med desse eigenskapane. Ein må setje seg nokre mål. Dette med fargar var lettare å rekne seg fram til enn mange andre ting, og også noko folk flest lett kunne sjå. Avlsleiinga vedtok dermed at dølahesten (eller *østlandshesten*) helst skulle vere brun, eller av annan mørk og nokså einsfarga lét, medan fjordhesten (*vestlandshesten*) skulle vere blakk.

På den tida var det moderne å la ulike husdyrrasar ha fast farge eller «uniform». Slik var det i andre europeiske land, og slik vart det også i Norge. I barokken var fargemangfald populært, men etter éin mote, fylgjer oftast noko som går tvert i mot. Mørke einsfarga individ var no standarden innan mange rasar, og dølahestavlen valde å fylgje denne linja. Innan fjordhesten valde ein litt utradisjonelt, ved å gå for blakk farge. Som eg alt har vore inne på, var dette på grunn av nasjonalromantiske tankar om det «opphavelege». Hadde ein på den tida i staden vald å avle uavhengig av farge, hadde ein i dag hatt både døler og fjordhestar i alle fargar, på same måte som i islandshesten. Det var nemleg alle fargar som var utgangspunktet.

Historikar og bladmann Albert Joleik frå Sunnfjord er nokså krass når han fortel om dette i boka «Sunnfjordsoga, band II»: «Fjordingane eller fjordaøykjene no, er berre blakke på lét. Men det er etter kunstig (unaturleg) utval med statshjelp, sidan om kring 1880. Sameleis med kyr, uniform i hårferda,

helst berre grått eller svart, eller berre raudt (som er kumoten no). Slik utskifting, etter fargen, letta arbeidet for prisdømmarane på utvalssjå og marknader. Dei som ikkje hadde autorisert lét, måtte ikkje ha von om premiering – Og folket rette seg etter visdomen. Men både øykjer og folk og fe ymsar mykje i hårléten, om dei er like elles, - fargen er ikkje rasemerke. Det var leitt at rasefariesearane skulle få skape om fjordingane til blakk dåmlaus lét. Det er stor føremun med øykjer og naut, at dei ymsar i léten, då er dei lettare å kjenne frå kvarandre, og flokken lettare synleg når du er på leiting i marka. Og kvar øyk er meir noko sær med enn når han er lik alle andre».

Etter å ha laga retningslinjer for premiering, kunne dømmarane lettare plukke ut dei dyra som passa inn under dei fastsette kriteria. Dette vart naturlegvis stramma inn gradvis. Til å begynne med kunne ein premiere eit og anna dyr av annan farge, utan fullstendig stamtafle, det heilt rette eksteriøret osv., men etter kvart vart ein strengare. Det kan elles vere grunn til å tru at dette med fargemote ikkje var så viktig til å begynne med, men at faste «farge-uniformer» på rasar var noko ein fekk større fokus på utover mot slutten av 1800-talet. Då den fyrste ordentlege hesteutstillinga på Vestlandet vart halden, i Førde i 1864, fekk mellom anna ei flekkete (skjevete) merr fyrstepremie.

Idealet med at alle skulle vere «like», er noko som gjer seg gjeldande i heile samfunnet frå slutten av 1800-talet, og mange tiår utover på 1900-talet. Ein var oppteken av å få vekk klasseskilja, og kjempa for rettane til arbeidarar, kvinner og andre grupper. Ein stod på for saker som røysterett til alle, trygdeordningar og andre velferdstilbod. Alle skulle ha ein sjanse. Samtidig førte den industrielle revolusjonen til at ein var avhengig av at alle gjorde jobben sin. Menneska vart brikker i eit velsmurt maskineri, men ingen var heller

uerstattelege. I dag er individfokuset stort, slik var det ikkje den gong.

Samanlikna med notidas samfunn, hadde ein elles langt større respekt for autoriteter, og personar som prestar, lærarar, lensmenn, skrivarar og leger vart sett opp til. Det same gjaldt husdyragronomar og hestedømmarar. Folk i statlege embete vart høyrte, og ein sette seg sjeldan opp mot dei. At hestane innan ein rase skulle vere like, var altså i tråd med tidas tankar, med *felleskapskjensla*.

Tanken om fellesskap førte også til ei stor oppblomstring av ulike lag og organisasjonar. Saman var ein sterke. På slutten av 1800-talet og i byrjinga av 1900-talet vart det oppretta mengder med politiske og religiøse organisasjonar og foreiningar, ungdomslag, avhaldslag, kvinneforeiningar, husdyrlag, og mange, mange andre. Til å begynne med var det staten og fylka som eigde dei premierte hingstane bøndene kunne bruke, men etter kvart organiserte gardbrukarane seg i hesteavlslag, som kjøpte eigne hingstar. Dette gjorde at talet på premiehingstar auka mykje, då kvar minste bygd kunne ha sin eigen hingst.

Alle hadde interesse av å bygge landet, produsere meir mat til ei veksande befolkning med stadig større krav, og å utvikle Norge som nasjon. Ein fylgde krava som kom ovanfrå og ned, utan å stille like mange spørsmål som vi gjer i dag. Når dømmarane sa at dei ynskte seg blakke fjordhestar, eller brune dølahestar, så retta ein seg etter dette. Hesteavlslaga på Vestlandet kjøpte for eksempel helst brunblakke hingstar, fordi dei visste at dette ville gi føl med ettertrakta farge. Etterspurnad og tilbod gjekk hand i hand, då som alltid.

Kvite hestar fanst det, som før nemnt, ein god del av, men, truleg etter mønster frå utlandet, vart ikkje desse så ettertrakta på utstillingar. Det var ikkje berre dei kvite som ikkje var etterspurde,

det same gjaldt alle andre hestar med fargar ein hadde bestemt at rasen helst ikkje skulle ha. Om ein les gamle bedekkingslister, utstillingskatalogar og stambøker, til dømes frå Vestlandet, finn ein eit stort mangfald av fargar. Dette gjeld til langt innpå 1900-talet, for det tok si tid å få rasane «uniformerte». Hoppene kunne ein ikkje gjere så mykje med, men ved å heile tida setje inn hingstar med ynskt farge i avlen, skifte fleire og fleire fjordhestar og døler over til «rett» farge, jo fleire generasjonar som gjekk. Føl og ungdyr med «dei gamle» fargane vart ofte selde som arbeidsdyr, og var truleg like etterspurde som dei med «rett lét» til slikt bruk.

I fjordhestrasen hadde ein ei tid rundt år 1900 gåande noko som vart kalla «Rimfaksestrida». Denne handla om kor vidt ein skulle halde fram med å avle på nokre hingstelinjer som stamma direkte frå ein dølasingst ved namn *Harald Viking*. Ein av dei flottaste hingstane på denne linja heitte *Rimfakse 146*, og han var raud med kvit mår og hale. Nå det gjaldt stammen hans, så visste ein at om lag halvdel av dyra der kom frå Austlandet, og av type likna han ikkje heilt på den fjordhesten ein var begynt å bli vant med å sjå. Etter mange og lange diskusjonar vart det avgjort at ein skulle prøve å unngå vidare avl på denne linja, og den gjekk dermed ut på hanndyrsida etter kvart. Merrer frå linja avla ein vidare på, og dei finst i dei beste hesteslekter i dag.

Etter denne kringelen vart ein enda meir oppteken av å avle på einsfarga blakke fjordhestar, og ein byrja å mislike alt som likna på raudt, fordi det minna om Rimfakse. I lang tid etter dette var også raudblakke fjordhestar upopulære, og det skulle gå mange tiår før dei igjen vart lika av folk flest.

Ein må elles vere klar over at det neppe vart gjort bevisste tiltak for å «reinske vekk» hestar av fargar dommarane ikkje lika. Likevel forsvann dei sakte men sikkert, fordi ein heile tida sette inn hingstar med den léten ein ville ha. Hingsteføl med uynskte fargar vart selde som brukshestar, og ofte kasterte. Dei kvite hestane fekk rykte på seg, som

ikkje var lette å bli kvitt. Vrangførestellingane kom truleg inn frå utlandet, der ein som tidlegare nemnt laga ei mengd myter knytt til ulike fargar som gjekk av moten. Desse vart spunne saman med historia om stutriet på Hjerkin, som eg skreiv om i førre nummer. Ein gav nærast dei kvite hestane skulda for at dette avlstiltaket ikkje fungerte. Etter kvart tok ein også til med å kalle dei kvite hestane for «albinos», og degraderte dei dermed til noko «sjukt og svakt» med orda ein brukte om dei. Det er elles viktig å hugse på at i tiåra kring år 1900 var det ikkje berre innan hest at ein var oppteken av «rasar». Både menneske og andre dyr vart sett i båsar, kategorisert, og kalla gode og mindre gode. Ein tok til å tru at «blanda blod» og «rasekryssing» var ein uting, og dette spelte inn på tankar om fargar og rasar.


Dei kvite hestane er jo eigentleg berre eit resultat av to hestar med gul/kremgen som vert kryssa med kvarandre. Som nemnt fanst det i alle fall i mange bygder på Vestlandet store mengder ulsblakke og borka hestar i ein periode, og dermed kom det også mange kvite føl. Då ein tok til med å helst velje brunblakke hingstar, minka det etter kvart på dyr med gul/kremgen, og som fylgje av dette vart det færre kvite føl.

Det er lite sannsynleg at ein valde brunblakke i staden for ulsblakke hingstar på grunn av at dei sistnemnde kunne gi kvite føl. Truleg var det heller slik at dei brunblakke vart betre lika av folk flest. Moten og trenden på den tida var som nemnt at det meste helst skulle vere einsarta og likt, og ein hingst som gav føl av berre same farge som seg sjølv, vart ofte kalla «stø i alet». Ein visste kva ein fekk. At dei mest brukte hingstane på den tida var brunblakke, gjorde naturlegvis også sitt til at linjer utan gul/kremgen vart dominerande. Slik var det også på Austlandet. Dei store

matadorane innan avlen var stort sett brune, med ein og annan svart og raud innimellom. Langsamt gjorde dette at kvite hestar vart meir sjeldsynte. Etter kvart dukka dei berre opp ein hende gong, og dermed vart varianten noko ein tok til å kalle utypisk. Det at folk trudde fargen var forbundet med dårleg helse og veikskap, gjorde naturlegvis ikkje saka betre.

Når det gjeld fjordhest og fargar, er stambok nummer 5 interessant lesnad. I dei fyrste stambøkene er det fyrst og fremst teke med hestar frå dei distrikta som fyrst tok til med utstillingar og organisert avl. Dette var sjølv sagt dei same distrikta som frå før av hadde mykje interesse for hesteavl, og som dermed for lengst hadde begynt å fylgje moten med å halde seg til faste fargar. I dei fyrste stambøkene finn vi dermed mange blakke hestar, sjølv om vi sjølv sagt også finn ein del av andre fargar. I stambok 5 kjem det derimot inn mengder av linjer og avlsdyr frå andre distrikt, og her er mangfaldet av fargar stort og variert. Mellom anna finst det kvite hestar her: Merrer som gjekk i avlen og vart gamle, ja, til og med ein og annan kvit hingst, brukt i avl. Ein må hugse på at kåringslova enno ikkje var komen, så framleis kunne ein nytte den hingsten ein ville.

Tidens tankar, moter og idear i samfunnet gjorde altså sitt til å standardisere fargane på hesterasane. I neste nummer skal eg skrive meir om korleis dette gjekk, og eg skal også sjå litt på hesten frå nord, som seinare vart til det vi kallar n/l-hest.



Kvite hestar – Myter og fakta

AV INGER GRØNNTUN

Del 8

I 1986 dukka det «plutseleg» opp eit blåøygd kvitt føl i nordlandshest/lyngshesten. Dette var det fyrste følet med denne fargen ein har kjennskap til i rasen i nyare tid, etter at denne tredje nasjonale hesterasen vår fekk offentleg stambokføring frå 1968.

Det er ein del vesentlege skilnadar mellom tida då denne hesten fekk status som eigen rase, og tida då stambokføringa av fjordhesten og dølen tok til. Då dei sistnemnde rasane vart grunnlagt, var det tusenvis av dyr ein kunne bruke som utgangspunkt. Så å seie kvart einaste gardsbruk og småbruk hadde hest, og dei fanst overalt, både på landet og i byane. Fjordhesten og dølahesten er dermed grunnlagt på mengder med ulike stamdyr.

I tida etter andre verdskrig, skjedde det store endringar i jordbruk, skogbruk og transportnæringar, og også i det militære. Hesten vart skifta ut med motoriserte doningar som bil og traktor, og utover på 50-, 60- og 70-talet raste hestetalet voldsamt nedover. Naturlegvis forsvann mykje av det genetiske mangfaldet i dei store rasane våre på denne tida, men truga av utrydding var dei heldigvis ikkje. Då mengda med hest var på eit lågmål, hadde ein begynt å ta i bruk dyra på nye måtar. Folk fekk meir fritid, og hobbyhesten gjorde sitt inntog.

Til Nord-Noreg hadde ein frå slutten av 1800-talet henta mange dølahingstar og fjordhingstar, for å forbetre den lokale hestebestanden. Det vart oppretta avlslag i landsdelen, til liks med i resten av landet, og hingstane vart stort sett kjøpt sørfrå. Mange bønder fekk også hopper frå Sør-Noreg. Her kan det nemnast at til dømes hestehandlar Olav Lefdal frå Nordfjordeid i mange år stadig reiste nordover med båtar fullasta av fjordhestar for sal. Hingstane vart også brukt på hopper av lokal «innfødd» type, og etter nokre generasjonar gjekk dei opp i den nye rasen (fjordhest eller døl).

I nokre distrikt i Nord-Noreg heldt ein fram med å avle på den gamle

stadeigne hestetypen som var der frå før av, i staden for å bruke hingstar sørfrå. Det kunne vere fleire grunner til dette. Nokre plassar låg kanskje avsides til. På andre plassar, som i ein del bygder i Nord-Troms, var ein god del av hestehaldarane av samisk eller kvensk opphav. Desse hadde ikkje alltid det beste forholdet til «øvrigheita», og dette var truleg også ei medverkande årsak til at dei valde å halde på den gamle hestetypen sin, i staden for å bruke innkjøpte dyr.

Folk fatta etter kvart interesse for hesten frå nord, og alt tidleg på 1900-talet vart det arrangert ein og annan sporadisk utstilling for «lyngshest». Einskildpersonar gjorde ein stor jobb for å ta vare på det vesle som etter kvart fanst att av slike hestar, og ynskte å få den registrert som ein eigen rase. Etter krigen gjekk som nemnt hestetalet over heile Noreg ned til eit lågmål, på relativt kort tid. Mengder med hestar vart slakta, fordi det ikkje var bruk for dei lenger. Ein del vart også eksportert til land som skulle byggast opp att, til dømes Polen. I Nord-Noreg var situasjonen enda verre for hesten enn elles i landet, fordi store delar av landsdelen var brent og øydelagt. Talet på hestar av gamletypen var faretrugande lågt, og det vi i dag kallar nordlandshest/lyngshest er dermed bygd opp av eit veldig lite tal med stamdyr.

I føreordet til den fyrste stamboka for rasen, som kom i 1969, står det ein del om fargar hos hesten frå nord. Her, som i andre gamle nedskrivingar av hestefargar, er det ofte vanskeleg å vite kva ein eigentleg har sett og meint. Hos dei fyrste stambokførte dyra dominerte fargar som raud, svart og brun. Skimmel og stikkelhåra vert også nemnt, og Roaldsøy (stambokføraren) fortel også om eit gen som bleikar alle hestefargar. Truleg er

det krem/gulgenet han meiner her. Noko av det som elles er skrive ned om fargar på hesten frå nord, er at den ofte var glassøygd (Nielsen, 1897), at den gjerne var raud eller raudskimla (Graff, 1910), at det fanst påfallande mange svarte, brune og mørkraude dyr (Isaachsen, 1914), og at den mest alminnelege fargen var raud, men elles var den også svart, brun og skimla (Tilrem, 1944).

Det har i grunn ikkje så mykje føre seg å spekulere i kva fargar hesten i Nord-Norge hadde før stambokføringa av nordlandshest/lyngshest starta. Som nemnt i tidlegare deler av denne serien, så er ikkje fargen noko rasemerke. Det er enkelt å endre fargen på hestar i eit distrikt, og for både fjordhesten og dølen sin del har ein sett at det kan gå relativt raskt å standardisere, eller å gå over til heilt andre variantar. Truleg fanst hesten i nord, til liks med hesten i resten av landet, og på Island, i ei heil rekkje ulike fargar, viss ein går eit stykke tilbake i tid. I akkurat den tida då stambokføringa tok til, og i ein periode før dette, ser ein derimot at raud, brun, svart og skimmel må ha vore mest vanleg. Likevel fanst det unntak, og eit døme på dette er hoppa Mona 9.

Mona var skimmel, og frå eit anna distrikt enn der dei fleste stamdyra i rasen var henta. Dei aller fleste hestane som danner grunnlaget for n/l-rasen kjem frå Nord-Troms (spesielt Lyngsheimområdet), men nokre er henta andre plassar frå. Mona var fødd i Lødingen, og foreldra veit vi ikkje stort meir om enn at begge var skimler, og at dei heitte



GULLIVER

Nordbakk og Fagermoraua, og var fødd i 1908 og 1919. Nordbakk var ikkje berre far til Mona, han var også far til mor hennar (Fagermoraua), medan mor-mor var Langevågskimla, fødd i 1912. Etter det vi veit i dag om genetikk, er det klart at fødselsfargen til Mona 9 var sølvborka. Ho hadde altså både gul/kremgen, sølvgen, og gen for avbleikbar skimmel.

Alle n/l-hestar i dag med gul/kremgen og/eller sølvgen, kan føre dette bakover til Mona 9. Dette betyr ikkje det same som at anlegga ikkje fanst i rasen før, men at tilfeldigvis ingen av dei andre (få) stamdyra hadde desse gena, eller at dei ikkje førte dei vidare. Mona var ei god hoppe, som vart mykje brukt i avlen, og avkomet hennar vart spreidd vidt utover. Frå å vere ein rase med ekstremt få individ, vaks talet på n/l-hestar jamt og trutt på 70- og 80-talet. Etter kvart kunne det dermed skje at to individ som begge bar på gul/kremanlegget frå Mona 9, fekk føl saman. På den tida hadde ein ikkje like mykje kunnskap om genet som i dag, og det vart framleis feilaktig kalla for «albinoanlegg». I ein del tiår hadde ein trudd at blåøygd kvite hestar var «albinos», og at gule og borka dyr bar på albinogenar, og var «halvalbinos».

Den skimla fyrstepremiehoppa Pernille 61 hadde tidlegare fått gule føl, og eigar Trine Boysen visste dermed at ho hadde krem/gulgen. At den svarte fyrstepremiehesten Silkesvarten 72 også hadde dette anlegget, var ein derimot ikkje like klar over. Som tidlegare nemnt, så viser det lite eller ingen ting om ein svart eller grå hest har gulgenet i enkel dose, fordi det berre bleikar raudt pigment. Overraskinga vart

dermed stor då Pernille våren 1986 fødte eit hingsteføl (Gulliver) med blå auge og lys hud. Då han møtte på utstilling, visste neppe dommarane heilt kva dei skulle gjere, men dei valde å seie at fargen var ulovleg, og at han ikkje kunne premierast. På den måten vart det sett ein slags standard. Sidan har det vore slik at blåøygd kvite hestar av n/l-rasen ikkje har fått premie.

Den same regelen gjeld for fjordhesten og dølen, der den er nedfelt i avlsplanane som etter kvart vart utarbeidd. Om det i det heile teke gjekk føre seg nokon stor offentlig debatt i forkant av dette, kjenner eg i grunn ikkje til. Kan hende var det slik at det var lenge sidan ein hadde sett slike hestar på utstilling, dermed tenkte ein at fargen ikkje var heilt typisk? Det kan også godt hende at mytane og fordommane om veike og svake «albinohestar» spelte inn på avgjerdene som vart tekne. I overgangen mellom 80- og 90-talet var det framleis mange som trudde at kvite og blåøygde hestar var albinoar, og at det var noko gale med dei. Nokre av desse førestillingane ser til og med ut for å leve i beste velgåande den dag i dag.

I 1962 stilte Lars Øygard frå Ål ut den fire år gamle fjordhoppa si Dolla 12658 på Ål. Han hadde kjøpt merra som føl, og i stamboka står ho nemnt som «albino». Dolla fekk 3. premie, og er ikkje noko eineståande tilfelle. Det kan verke som det fyrst er no dei aller siste tiåra at ein har teke til med å dømme blåøygd kvite hestar heilt ut på utstillingane. I stambøkene for både fjordhest og døl finn ein døme på kvite dyr. Les ein stamtavler for nolevande flotte fjordhestar, så møter ein på opp til fleire kvite individ bakover.

Også dei kvite hestane har vore viktige for utviklinga av dagens slekter, og truleg har synet på dei sjeldan vore spesielt negativt hos folk flest. Lyse hestar med blå auge er likevel nokså spesielle, og i dag er det ofte slik at folk enten likar dei veldig godt, eller så synest dei at slike hestar er stygge. Mange har sansen for

det spesielle, og det som skil seg ut. Dette er ein trend i tida i dag, som bør takast på alvor. Individfokuset er stort, både når det gjeld folk og dyr, og i tillegg er mangfald og variasjon viktige verdiar i dagens samfunn. Nokre hesteeigarar vil helst ha berre brune, berre blakke, eller berre svarte dyr, medan andre ynskjer ulike fargar. Ved å ta vare på ulike meiningar, tek ein også vare på ulike hestar. Dette er vel helst bra?

I dag er det i nordlands/lyngshesten at det oftast blir fødd blåøygd kvite føl, viss ein held seg til dei norske rasane. Kanskje er dette fordi krem/gulgenet, er noko meir utbreidd her enn i fjordhesten og dølen. Likevel er nok ikkje dette heile forklaringa. Skimla og svarte hestar er også meir vanlege i n/l-rasen enn i dei andre norske rasane, og desse kan «skjule» krem/gulgenet. Når ein skimmel er ferdig avbleika, går det ikkje lenger an å sjå kva slags farge den hadde som føl. Ein svart hest med gulgen er det ein kallar «gulsvart», men ofte er desse vanskelege å skilje fenotypisk frå vanleg svarte hestar. I n/l-rasen går det stadig føre seg debattar om kor vidt blåøygd kvit skal godkjennast som farge. Det vert spennande å sjå korleis desse utviklar seg i framtida.

Den fjerde norske rasen, kaldblods-travaren, har eg ikkje sagt noko om enno. Denne hadde sams stambok med dølen i veldig mange år, og døl og kaldblods-travar har for det meste identisk opphav. Sidan travsport var interessant for mange allereie før andre verdskrig, heldt mange fram med avl på travhest, sjølv om annan hesteavl opplevde ein veldig nedgangsperiode. Då oppdrettet av dølhest var på eit lågmål, og ein sleit med begynnande innavlspol, kunne ein hente inn travhopper frå utsida av stamboka. I dag vert døl og kaldblods registrert kvar for seg, og har ulike avlsplaner, men det går framleis føre seg ei viss utveksling av avlsmateriale. Kaldblods-travaren har ingen restriksjonar når det gjeld fargar og avteikn, så her er alt lov. Opp i gjennom tidene har det dermed vore gode blåøygd kvite travhestar som har håva inn premier på norske banar, som Kvitbaus (biletet til venstre).

